

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 16/1805-4

## **Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2015**

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:**

**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Rapport etter gjennomgang av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2015 vert teken til etterretning.

### Vedlegg:

- Rapport etter stikkprøvekontroll av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2015

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Kontrollutvalet legg årleg fram ei sak til fylkestinget om desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala.

Handsaming av saka er basert på ein stikkprøvekontroll av møtebøker og saker som er protokollert med sikte på å få gjennomført kontroll av:

- om vedtaket i den enkelte sak er gjort av eit organ med fullmakt til å gjere slikt vedtak
- om vedtaket er i samsvar med norsk lov, eventuelle andre relevante regelverk
- om vedtaket er i samsvar med budsjettvedtak, formål og om det er innanfor rammene av vedtak i fylkestinget

Det er i år, som i fjor, sekretariatet for kontrollutvalet som har gjennomført stikkprøvekontrollen og skrive rapporten. Vurderingane i samband med kulepunkta er utført av Deloitte slik at kravet til revisjonsfagleg og juridisk kompetanse er stetta. I tillegg er ein også sikra at sekretariatet ikkje gjennomfører revisjonshandlingar med denne framgangsmåten.

### **2. Vurderingar**

#### **Gjennomførde møte i 2015.**

Det var i 2015 gjennomført 74 møte og handsama 377 saker fordelt på fylkesutvalet, planutvalet, finansutvalet fylkesutvalet som klagenemnd og dei forskjellige hovudutvala. 225 av vedtaka var endelege vedtak.

Politisk organisering vart endra etter valet i 2015. Ein gjekk over frå 4 hovudutval (opplæring, plan og næring, samferdsle og kultur) til ei organisering ved tre hovudutval. Dei tre hovudutvala er etter valet er, opplæring, samferdsle og til slutt næring og kultur. Dette går også fram av oversikta under.

Fylkesutvalet:	28.1 - 25.2 - 26.3 - 9.4 - 13.4 - 6.5 - 3.6 - 15.6 - 24.6 - 17.8 - 30.9 - 6.10 - 12.10 - 13.10 - 4.11 - 16.11 - 23.11 - 25.11 - 27.11 - 7.12 - 9.12, i alt 21 møte. Tal saker som har vore handsama i perioden: 149, derav 95 saker med endeleg vedtak.
Fylkesutvalet som klagenemnd:	25.2 - 26.3 - 6.5 - 24.6 - 30.9 - 25.11. 6 møte og 20 saker, der alle sakene har endelege vedtak.
Fylkesutvalet som planutval:	28.1 - 3.6 - 17.8 - 30.9 - 4.11, 5 møte og 5 saker.
Fylkesutvalet som finansutval:	28.1 - 25.2 - 26.3 - 6.5 - 30.9 - 4.11, i alt 6 møte og 6 saker.
Hovudutval for opplæring:	11.2 - 25.3 - 22.4 - 13.5 - 2.6 - 26.8 - 29.9 - 28.10 - 24.11 - 7.12, i alt 10 møte Tal saker som har vore handsama i perioden: 36, derav 17 med endeleg vedtak
Hovudutval for plan og næring:	8.1 - 27.1 - 17.2 - 25.3 - 9.4 - 5.5 - 13.5 - 2.6 - 29.9, i alt 9 møte ( <b>Periode 1.1.15 - 20.10.15</b> ) Tal saker som har vore handsama i perioden: 50, derav 26 med endeleg vedtak.
Hovudutval for samferdsle:	9.2 - 25.3 - 12.5 - 13.5 - 2.6 - 29.9 - 28.10 - 24.11, i alt 8 møte Tal saker som har vore handsama i perioden: 50, derav 23 med endeleg vedtak
Hovudutval for kultur:	10.2 - 25.3 - 13.5 - 2.6 - 15.6 - 25.8 - 29.9, i alt 7 møte ( <b>Periode 1.1.15 - 20.10.15</b> ) Tal saker som har vore handsama i perioden: 40, derav 21 med endeleg vedtak.
Hovudutval for næring og kultur:	27.10 - 24.11, 2 møte. ( <b>Periode 21.10.15 - 31.12.15</b> ) Tal saker som har vore handsama i perioden: 21, derav 12 med endelege vedtak

Bestillinga som var sendt til Deloitte AS:

## 1. Revisor blir bedt om å gjennomføre vurdering av følgjande 10 saker for å få svar på:

- om vedtaket i den enkelte sak er gjort av eit organ med fullmakt til å gjere slikt vedtak
- om vedtaket er i samsvar med norsk lov, eventuelle andre relevante regelverk
- om vedtaket er i samsvar med budsjettvedtak, formål og om det er innanfor rammene av vedtak i fylkestinget

### Saker:

Fylkesutvalet:

- ✓ Eigarskap – enklare oppfølging av fylkeskommunalt eigarskap, sak 23/15
- ✓ Tildeling av støtte frå fylkeskommunalt ENØK fond 2015, sak 58/15
- ✓ Rådgjevar for fylkesordføraren, sak 104/15
- ✓ Val av medlemar i Fjord1 AS, sak 144/15

Hovudutval for opplæring:

- ✓ Strategiar for fag- og yrkesopplæringa i Sogn og Fjordane - kvalitet og gjennomføring, sak 23/15

Hovudutval for plan og næring:

- ✓ Plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane 2015, sak 17/15

Hovudutval for samferdsle:

- ✓ Tilskot – Fjellvegen Årdal – Luster (Tindevegen), sak 13/15
- ✓ Søknad om nye ruteløyver – Nettbuss, sak 37/15

Hovudutval for kultur:

- ✓ Kulturutviklingsmidlar 2015 - tildeling, sak 17/15

Hovudutval for næring og kultur:

- ✓ Revisjon av retningsliner for kommunale næringsfond frå 01.01.2016, sak 8/15

#### Rapporten

Revisor har avdekket avvik i FU-sak 104/15, der revisor ikkje kan finne heimel som skulle tilseie at fylkesutvalet kunne fatte vedtak i den aktuelle saka.

Ut over det peikar revisor på at pkt. 4 i vedtak i FU-sak 23/15 berre vil gjelde for dei eigarskapa som fylkesutvalet har mynde til å følgje opp, at realiseringa av pkt. 2 i vedtaket i HO-sak 23/15 vil avhenge av fylkestinget sine bevillingar, og at fullmakta i pkt. 2 i vedtaket til HPN-sak 17/15 skulle vore delegert til fylkesrådmannen - ikkje til fylkesdirektør.

#### Høyring

Rapporten har vore til høyring hjå fylkesrådmannen, som har kommentert rapporten slik:

FU-sak 104/15 – Rådgjevar for fylkesordføraren. Fylkesrådmannen skriv at saka har bakgrunn i eit notat som var utarbeidd i samband med at fylkesordførar sin sekretariatsleiar skulle gå av med pensjon. Notat vart handsama i FU-sak 142/14.

Høyringsuttalen er vedlagt rapporten.

#### **4. Konklusjon**

Det er påpeika eit avvik i vedtaka som er gjennomgått.